



Seim Bygg AS  
Terje Seim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6740 - 16/11342

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
27.04.2016

## Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 129/14 Titland søndre

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 129/14 –Titland søndre, datert 21.04.2016.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant tank og midt kommunal veg skal være minimum 8,0m.
- Minste avstand mellom 4" rør og grense mot kommunal veg skal være minimum 3,0m.
- Teknisk drift fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak som følgje at dets plassering i forhold til kommunal veg. Dersom det oppstår skade på tiltak under drift og vedlikehald av kommunal veg, er dette kommunen uvedkommande.

Dette løyvet er handsama etter fastsettingar i Veglova med tilhøyrande regelverk. Når det dispensasjon etter plan og bygningslova § 19.1 (som vist til i søknad) er dette eit regelverk som byggesak tar stilling til i sin sakshandsaming av byggesøknad.

Det er med heimel i Veglova §29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtalerDe har ovanfor eventuelle grunneigarar.

### Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som



har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedlegg til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for avløpsanlegg - gbnr 129/14 Titland søndre

Vedlegg til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for avløpsanlegg - gbnr 129/14 Titland søndre

**Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak

Lindås kommune ved fagsjef veg

**Mottakarar:**  
Seim Bygg AS